

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Jan Heier, Hilde Reitan, Tove
Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara, Gudrun Folkedal – 2.vara, Thor
Hauknes – 3.vara

Tid: Torsdag 5.juni kl10-17

Stad: Hotell Anker

Referat

- Styresak 2014/32 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2014/ 33 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**
- a) **Rekneskapsrapport**
 - b) **Ny søknad INTROfolk**
 - c) **Gjennomgang av ny langtidsplan**
 - d) **Eventuelt**
- Styresak 2014/34 Møtekalender for styret i FolkOrg hausten 2014**
- Styresak 2014/35 Folkelarm - status og avklaringar**
- Styresak 2014/36 Omlegging av bladet Folkemusikk – tal på utgjevingar**
- Styresak 2014/37 Nye retningslinjer for Frifond gjennom FolkOrg**
- Styresak 2014/38 Ny rammeplan for kulturskular – drøfting kring høyringsinnspel**
- Styresak 2014/39 Samordning av Norsk folkemusikkfond og rekrutteringsstønad
frå FolkOrg?**
- Styresak 2014/40 Søknad om å bli medlem i FolkOrg frå Byneset spellmannslag**
- Styresak 2014/41 Landsmøte 2015 – tid og stad**
- Styresak 2014/42 Eventuelt**

Styresak 2014/32 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2014/ 33 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) **Rekneskapsrapport**
- b) **Ny søknad INTROfolk**
- c) **Gjennomgang av ny langtidsplan**
- d) **Eventuelt**

Vedtak: *Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadane:*

- a) **Rekneskapsrapport;** vi må prøve å finne fleire måtar å finansiere meisterkonserten i operaen. Hilde Reitan tek på seg eit ansvar i høve å prøve å få sponsorar. Administrasjonen lagar eit prospekt ho kan nytte i det arbeidet. Heile styret og administrasjonen arbeider aktivt for å marknadsføre konserten. Administrasjonen tek kritisk gjennomgang av utgiftssida.
- b) **Ny søknad INTRO-folk;** Administrasjonen har sendt inn ny søknad til kulturrådet om tilskot til gjennomføring av konkurransedelen av INTRO- folk. Denne gangen har vi nytta gammal modell, då både ny rådgjevar for utøvarane og festivalane meiner det er det beste. Styret støtta det.
- c) **Gjennomgang av ny langtidsplan:** Det er ei utfordring å tilpasse aktivitetsnivået i organisasjonen til dei ressursane vi har tilgjengeleg. Styret drøfta på kva måte vi skal løyse det. Styret vil gjerne bidra meir aktivt. Med utgangspunkt i langtidsplanen skal styremedlemmene melde tilbake kva dei kan tenke seg å bidra med. Hilde Reitan varsla at ho kunne prøve å skaffe sponsor til Meisterkonserten i Operaen og vil gjerne jobbe meir aktivt i høve å skaffe dommarar til neste års Landskappleik og Landsfestival. Thor Hauknes vil gjerne bidra i høve Folkipedia. Per Øyvind Tveiten bidrar gjerne mellom anna med å skrive helsingar i høve ulike merkedagar, prisar og festskrift. Dei andre kjem tilbake. Det er særst viktig at

kommunikasjonen og informasjonsflyten er god mellom styret og administrasjon når vi skal arbeide på den måten.

d) Eventuelt:

- Vi har eit samarbeid med Trekkspillforbundet om å skaffe medlemsfordeler. Nestleiar i Trekkspillforbundet Odd-Arne Halaas arbeider for å skaffe medlemsfordeler på vegne av begge organisasjonane. Styret ønska seg gjerne medlemsfordelar som er attraktive for dei unge.
- Representasjon i sommar: Dersom det er nokon i styret som skal på festivalar i sommar, er det fint om dei gjer ein jobb for å representere FolkOrg. Ta gjerne kontakt med leiinga og sei frå at FolkOrg er til stades. Per Øyvind Tveiten skal på Førdefestivalen og Jørn Hilme. Gro Marie Svidal er på Førdefestivalen som artist. Mari Skeie Ljones skal på Jørn Hilme. Det er ein markering av Egil Bakka 29.august i Trondheim, Mari Skeie Ljones og Jan Heier representerer FolkOrg der. Per Øyvind Tveiten skriv helsing i festskriftet.

Styresak 2014/34 Møtekalender for styret i FolkOrg hausten 2014

Vedtak:

Styremøte 2014/05 vert sett til: Onsdag 10.september

Styremøte 2014/06 vert sett til: 16. og 17.desember.

Styresak 2014/35 Folkelarm - status og avklaringar

Vedtak:

- a) Ressursgruppa for Folkelarm 2014 opphevast og administrasjonen sørgjer for at spørsmål av strategisk art løysas i dei eksisterande utval og i samråd med styrets arbeidsutval.
- b) Vi planlegg Folkelarm 2014 ut frå det framlagte minimumsbudsjettet, men legg ein plan for prioritering av bruk av eventuelle ekstra tilskot. Det er viktig at vilkåra vert tydeleg kommunisert overfor utøvarane.

Styresak 2014/36 Omlegging av bladet Folkemusikk – tal på utgjevingar

Vedtak: Styret i FolkOrg tek saka om at det vert 4 utgåver av bladet Folkemusikk i året, til etterretning.

Styresak 2014/37 Nye retningsliner for Frifond gjennom FolkOrg

Vedtak: Forslaget til retningsliner for forvaltning av Frifond Organisasjon i FolkOrg blir vedteke med dei språklege og mindre endringar som kom fram i møtet.

Styresak 2014/38 Ny rammeplan for kulturskular – drøfting kring høyringsinnspel

Vedtak: Framlegg til høyring vart vedtek med dei innspela som kom i møte. Vi sender eige høyringssvar, men i god dialog med dei andre innan sjangeren

Styresak 2014/39 Samordning av Norsk folkemusikkfond og rekrutteringsstønad frå FolkOrg?

Vedtak: Rekrutteringsstøtta og Norsk folkemusikkfond får felles søknadsfrist 20.mai. Dei vert ikkje slått saman, men vi ser på kva måte desse kan samordnas meir og sikre at det ikkje vert dobbeltarbeid for søkerane. Vi ser på om vi kan skaffe fleire bidragsytarar til ordningane i samband med eit generelt sponsorarbeid i organisasjonen. Styret vil prøve å få inn det som særskild satsing i neste revidering av Langtidsplan.

Styresak 2014/40 Søknad om å bli medlem i FolkOrg frå Byneset spellmannslag

Vedtak: Byneset spellmannslag vert teke opp som medlemslag i FolkOrg med atterhald om at dei endrar vedtektene slik at det kjem fram at alle medlemmer i Byneset spellmannslag må vere medlem i FolkOrg, og at dei arbeider innafor FolkOrg sitt formål

Styresak 2014/41 Landsmøte 2015 – tid og stad

Vedtak:

- a) Dato for Landsmøte 2015 er 24.-26.april

- b) Møte vert lagt til Oslo/Gardermoen- området. Administrasjonen får fullmakt til å avgjere stad etter at dei har fått tilbod frå aktuelle hotell.

Styresak 2014/42 Eventuelt

- Vi inngår samarbeidsavtale med strømleverandøren Svorka. Inntektene frå ordninga skal gå til rekrutteringstøtteordninga. Vi må ikkje sende marknadsføring til mindreårige medlemmer.
- Orientering om arbeidsmiljøundersøking; Det skal gjennomførast ei arbeidsmiljøundersøking i administrasjonen i løpet av hausten, jamfør personalhandboka.